

Plattform

for Camilla Brautaset, Ole Thomassen Hjortland og Svein Ivar Angell
Kandidatar til nytt dekanat ved Det humanistiske fakultet 2021–2025

Det humanistiske fakultet – Uunnværleg og utadvendt

Humaniora er over alt. Humaniora er både forma av og formande for samfunnet kring oss. Vinnaren av Holbergprisen 2021, Martha Nussbaum, er blant dei som har hevda at humanistiske innsikter er nødvendige føresetnader for at moderne demokrati skal kunne fungere.

Humaniora er altså uunnværleg for samfunnet – og for universitetet. Det er universitetsstatusen som gir dei humanistiske faga legitimitet. Samstundes har nettopp dei humanistiske faga definerande kraft på universiteta sin identitet og sjel som kunnskapsinstitusjonar.

Humaniora er også utadvendt. Som både forskarar og studentar inngår vi i del av faglege fellesskap som strekk seg langt utover UiB, byen og landet sine grenser. Humaniora gjer oss i stand til å krysse grenser i både tid, tanke og rom. Humaniora vev fortid, samtid og framtid saman. Humaniora gir oss språk i både bokstaveleg og overført forstand gjennom både forskning og undervisning. Til dømes gir kurs som ex.phil oss eit felles språk som universitet.

Universiteta sitt samfunnsoppdrag er todelt: å *utdanne* til arbeidslivet og å *danne* til sivilsamfunnet. Ved det humanistiske fakultet gjer vi definitivt begge deler – her kan ein ikkje skilje utdanninga og danninga frå kvarandre.

Humaniora koplur universitet og samfunn tettare saman. Humaniora pregar samfunnsstrukturar, skuleverket og den offentlege samtalen. Humanistar har viktige innsikter å kome med og dei er ofte gode formidlarar. Det som gjerne ikkje alltid kjem like klart fram, er at deltakinga i den offentlege samtalen kjem som resultat av humanistisk *forskning*.

Det er ikkje muleg å gi god formidling utan god grunnforskning. Nettopp grunnforskninga er sjølv berebjelken for alt det andre vi gjer på Det humanistiske fakultet. Det er grunnforskninga vår som gjer oss uunnværlege for både universitetet og storsamfunnet, og det er forskninga vår som gjer oss utadvendte og søkande etter å forstå.

Dekanatet ved HF vert valt, og har eit demokratisk mandat. Som dekanat vil legitimiteten vår kvile på dette mandatet, og lojaliteten til tilsette og studentar ved fakultetet vil vere retningsgjevande for korleis vi ønskjer å leie fakultetet.

Forskning, formidling og forskarutdanninga

Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal vere leiande på humanistisk forskning og formidling i Norge. Vi skal bygge og vidareutvikle framifrå fagmiljø med internasjonal gjennomslagskraft.

Forskninga ved fakultetet bygger på eit rikt mangfald av fag og metodar, sameint i den humanistiske tradisjonen sin eigenart. HF forvaltar uunnværlege delar av samfunnet og kulturen vår: språk, historie og estetikk. Denne oppgåva kjem med eit stort ansvar: Arbeidet vårt er ikkje berre ein premissleverandør for samfunnsdebatten; det tek vare på og utfordrar verdiane våre.

Forskninga på fakultetet er fundert på den faste forskningstida i vitskapelege stillingar. Stabile rammer er ein føresetnad for vår allsidige og grundige forskning. Å styrke vilkåra for grunnforskninga er viktig for alle forskingsaktivitetane på fakultetet, enten det er publisering, formidling, prosjekt- og søknadsutvikling, eller forskingsbasert undervisning. Fakultetet har difor eit ansvar for å sikre forskningstida for vitskapeleg tilsette. Sjølv om det ikkje er ei ny utfordring at forskninga må vike for andre oppgåver, har

Plattform

for Camilla Brautaset, Ole Thomassen Hjortland og Svein Ivar Angell
Kandidatar til nytt dekanat ved Det humanistiske fakultet 2021–2025

vi gjennom pandemien fått nye og tidkrevjande gjeremål som i større grad har fragmentert forskingstida. Vi vil følge opp «[UiB FRAM](#)»-rapporten si anbefaling om å styrke samanhengande tid til forskning, og dermed motarbeide denne tendensen.

Etikk er ein sentral del av forskingsverksemda. Vi vil ta initiativ til ein prosess med tanke på å opprette eit forskningsetisk utval på fakultetsnivå. Dette utvalet er tiltenkt ein rådgjevande funksjon. Samansetninga og utforminga av mandatet til utvalet vil bli gjort i samråd med fagmiljøa.

Forskarutdanning og yngre forskarar

Fakultetet si Ph.d.-utdanning gir kandidaten forskingskompetanse og særleg fagleg ekspertise. Utdanninga skal kvalifisere kandidatane til ei karriere i academia, men òg til å nytte fagekspertise og forskingsferdigheiter i andre yrkessektorar.

Vi vil fortsette arbeidet med systematisk karriereutvikling i Ph.d.-utdanninga og for yngre forskarar. Kandidatar og postdoktorar må få oppdatert kunnskap om arbeidsmarknaden, inkludert søknadsskriving og potensielle eksterne finansieringskjelder. Vi vil arbeide for å forankre UiB sitt arbeid med karrierestøtte på fakultetsnivå, mellom anna med utgangspunkt i rapporten «Karrieropolitikk for yngre forskere». Karriererettleiing bør mellom anna inngå som del av eit oppstartsmøte som resulterer i ein utviklingsplan. I tillegg bør forskargruppene i enda større grad bidra til forskarutdanninga gjennom faglege nettverk, mentorering, publikasjonsråd og prosjektutvikling.

Internasjonal erfaring i Ph.d.-utdanninga er viktig, både for forskingskvalitet og for å etablere nettverk. Doktorgradsundersøkinga tyder på at internasjonale forskingsopphald har ein klar positiv effekt på vidare akademisk karriere. Vi må stimulere til internasjonalisering, mellom anna gjennom deltaking i konferansar, nettverk og forskaropphald ved andre institusjonar. Det er spesielt viktig med fleksible ordningar som gjer internasjonale opphald mogleg for stipendiatar og postdoktorar som ikkje har høve til å reise bort i lengre periodar.

Pliktarbeidet i Ph.d.-utdanninga kan gje uvurderleg erfaring med undervisning og forskingsaktivitetar. Vi vil legge til rette for at institutta kan gje stipendiatane oppgåver i pliktarbeidet som fremjar allsidig og anvendeleg kompetanse. Pliktarbeidet føreset òg at stipendiatane får tilstrekkeleg opplæring i oppgåvene dei vert sette til å utføre.

Rettleiarkompetanse

God rettleiing er avgjerande for kandidatane si forskning og integrering i fagmiljøet. Vi vil arbeide for at fakultetet sitt systematiske arbeid med studiekvalitet òg inkluderer vidareutvikling av vår rettleiarkompetanse. Vi vil legge til rette for at vitskapslege tilsette kan møtast for å koordinere og diskutere rettleiing, samt pedagogisk kursing.

Eksternfinansierte prosjekt

Eksternfinansierte prosjekt er ei viktig moglegheit for spissa forskning. HF sitt strategiske og forskingsadministrative arbeid har blitt betydeleg styrka dei siste åra, og fakultetet har lykkast i å tiltrekke seg midlar til å utvikle leiande fagmiljø. Vi vil arbeide for å vidareføre denne utviklinga og skjerpe innsatsen for søknadstilslag ytterlegare.

Prosjektutvikling må vere nedanfrå og opp på fakultetet, med utgangspunkt i fagmiljøa si grunnforskning og interesser. Fri og nysgjerrig forskning i fagfelleskapa gir dei beste vilkåra for nye idear. Fakultetet har eit ansvar for å legge til rette for og stimulere til søknadsaktivitet. Vi ønsker å vidareføre fakultetet sitt handlingsrom til å arbeide strategisk med å støtte forskarar og fagmiljø som er motiverte til å søke. Vi vil arbeide for å utvikle insentiv for både søknads- og prosjektarbeid, og for å

Plattform

for Camilla Brautaset, Ole Thomassen Hjortland og Svein Ivar Angell
Kandidatar til nytt dekanat ved Det humanistiske fakultet 2021–2025

unngå at prosjektleiing fører med seg urimelege ekstraoppgåver. Vi vil vidareutvikle den gode forskingsadministrative støtta ved fakultetet og arbeide for å bevare lokal og HF-spesifikk kompetanse.

Delingskultur og forskning

Det gode fagfellesskapet ved HF er ein styrke for både tilsette og studentar. Den inkluderande samtalen engasjerer fleire til innsats for mangfaldet av humanistiske fag. Å dele vår lidenskap for faga har ein verdi på tvers av institusjonen, frå seminarrommet til møterommet, frå forskargrupper til Ad fontes. Delingskultur er òg viktig for forskinga vår. Vi skapar tverrfaglege samtalar ved å dele innsikt og ferdigheiter mellom fagmiljøa, og vi inkluderer unge forskarar ved å dele erfaringar og nettverk. Vi vil samarbeide med institutta og sentra for å skape gode arenaer for fagleg samarbeid. Det inkluderer formaliserte rammer som forskargrupper og forskingsinfrastruktur, men òg uformelle møtepunkt. Vi vil spesielt arbeide for å gi yngre forskarar tilbod om deltaking i relevante forskar- og prosjektgrupper. Vi vil ta initiativ til å utvikle tiltak i samarbeid med institutta og sentra for å sikre raskare integrasjon av nyttilsette og internasjonale forskarar i dei lokale fagmiljøa .

Utdanning

HF er kjenneteikna ved svært dyktige og dedikerte undervisarar. Dette er den viktigaste ressursen i arbeidet med å vidareutvikle undervisningstilbodet ved fakultetet. Høgare utdanning er på same tid eit felt som er kjenneteikna av stadig større forventningar frå politiske styresmakter og samfunnsaktørar, til dømes knytt til arbeidsrelevans og fleksible utdanningstilbod. For HF vil det vere ein grunnleggande premiss at desse utfordringane skal møtast med basis i faga sin eigenart. Det er på same vis ein grunnleggande premiss at undervisninga ved HF som hovudregel skal vere forskingsbasert.

Situasjonen på studiesida er sterkt prega av tilhøva som følgjer av pandemien, og at studentane har vore og framleis er i ein svært krevjande situasjon. Det må vere eit overordna mål i den komande perioden å hjelpe studentane med “å ta tilbake” studenttilværet. Studentane si psykiske helse og trivsel må ivaretakast. Det må leggjast til rette både for sosiale møteplassar og vidare fagleg utvikling. Eit viktig element i dette vil vere å arbeide for å vidareutvikle og konsolidere mentorordninga som vart innført ved fakultetet hausten 2020.

I arbeidet med å styrke studiemiljøet på fakultetet, er studentane sin eigen medverknad heilt sentral. Vi vil arbeide tett med studentane sine eigne organisasjonar og også arbeide for god studentrepresentasjon i programstyre og ulike utval ved fakultetet.

Pandemien har òg gitt oss mange nye erfaringar når det gjeld undervisning og vurdering. Desse erfaringane vil ramme inn det vidare arbeidet med å styrke undervisningskvaliteten ved fakultetet. Det er på same tid viktig å utvikle arenaer der desse erfaringane kan delast, og legge til rette for eit ordskifte om korleis og i kva grad undervisningskvaliteten ved fakultetet kan vidareutviklast, til dømes i arbeidet med studentaktive undervisningsformer. Her vil dei meritterte undervisarane ved fakultetet kunne spele ei viktig rolle. Det vil likeins vere viktig å arbeide for å utvikle den fysiske undervisningsinfrastrukturen ved fakultetet.

Fagmiljøa ved fakultetet har ei rekke høve til å styrke den eksterne finansieringa på studiesida, mellom anna gjennom programma DIKU utlyser. Vi bør halde fram arbeidet for å få etablert eit senter for framifrå undervisning ved fakultetet.

HF har ein relativt stor EVU-portefølje i UiB-samanheng, og forventningane knytte til EVU vil bli større i dei komande åra. Det kan vere krevjande å innpasse EVU-verksemda i den ordinære verksemda ved

Plattform

for Camilla Brautaset, Ole Thomassen Hjortland og Svein Ivar Angell
Kandidatar til nytt dekanat ved Det humanistiske fakultet 2021–2025

fakultetet. Vi vil difor arbeide for ein systematisk gjennomgang av alle sider ved EVU-porteføljen ved HF og utvikle ein overordna strategi for korleis vi skal arbeide med EVU framover.

Undervisninga og studentrekrutteringa ved HF har tunge ressursmessige implikasjonar. Det er heilt sentralt å oppretthalde gode søkartal til studieprogramma og auke gjennomføringa ved fakultetet. Dette gjeld både på BA og MA-nivået.

Det er på same tid viktig å synleggjere HF sine spesielle utfordringar når det gjeld gjennomføring på BA-programma. Ved HF er det mange emne der studentar berre er inne for å tileigne seg kunnskapar, utan at dei har tenkt å fullføre ein grad i utgangspunktet. Dette er i røynda ei viktig side ved det samfunnsoppdraget som HF har, men som vi treng meir kunnskap om.

HF er prega av stor variasjon i både program- og emneportefølje og i rekrutteringspotensiale. Studieporteføljen er dynamisk i den forstand at han kan justerast. Som dekanat vil vi vere open for endringar i dialog med fagmiljøa.

Det er viktig for HF å arbeide for auka internasjonisering i programporteføljen. Eit verkemiddel i så måte er å arbeide for at fleire studentar reiser på utveksling og at fleire internasjonale studentar kjem til HF. Internasjonisering kan gje viktige faglege synergjar og er også viktig for studentane si danning.

Vi vil arbeide for å vidareutvikle HF sitt tilhøve til skulen på brei front. Det er sentralt å vidareutvikle lektorutdanninga, både ved å arbeide for å utvikle det faglege innhaldet i og organiseringa av utdanninga. HF er det største lektorutdanningsfakultetet ved UiB. HF må utnytte potensialet som ligg i samorganiseringa av disiplindefagleg tilsette og fagdidaktikarar både i undervisning og forskning. Som dekanat vil vi sjå det som svært viktig å vidareutvikle utdanninga som ei akademisk profesjonsutdanning (både LU og PPU) i samarbeid med dei andre involverte fakulteta og aktørar i praksisfeltet. Vi ser det som svært viktig å få etablert eit sentralt lektorsenter ved UiB, i tråd med vedtak i styringsgruppa for lektorutdanninga.

Ressursar

Vi ønskjer eit sterkt, offensivt HF som set agenda innan både forskning, utdanning og samfunnsdebatten. Det føreset at fakultet har kontroll på eigen økonomi. Det har ikkje fakultetet alltid hatt. Ved inngangen til 2021 var økonomien til HF den beste på fleire år, men er framleis svært sårbar. Vårt mål er å sikre fagmiljøa fagleg handlingsrom. Ein sterk og stabil fakultetsøkonomi vil vere det viktigaste verkemiddelet for å oppnå dette.

Endringar i ytre rammer stiller enno større krav til økonomiarbeidet ved fakultetet. Vi ønskjer å prioritere særleg tre arbeidsoppgåver. For det første vil vi jobbe universitetspolitisk for å; i) sikre at HF-fakultetet har same høve som andre fakultet til å ta del i sentrale satsingar, og ii) oppfordre universitetsstyret til å sjå nok ein gong på fordelingsnøkkelen mellom sentralt hald og fagmiljøa.

For det andre vil vi saman med fagmiljøa jobbe aktivt og systematisk for at HF skal kunne skape eit enno større handlingsrom for seg sjølv. Det er tre nøklar til dette; auka gjennomstrøyming, publikasjonar og tilslag på eksternfinansierte prosjekt.

For det tredje vil vi ta initiativ til å sjå på ressursbruken ved fakultetet. Skal økonomien ved fakultetet vere berekraftig på lang sikt, føreset det samsvar mellom tilgang til ressursar og bruk av ressursar.

Plattform

for Camilla Brautaset, Ole Thomassen Hjortland og Svein Ivar Angell
Kandidatar til nytt dekanat ved Det humanistiske fakultet 2021–2025

Vi ønskjer å vidareføre og vidareutvikle det gode arbeidet sittande dekanat har gjort med bemanningsplanen. Vi meiner at kombinasjonen av målbare parameter og kvalitative vurderingar har særleg verdi for disponeringa av stillingsressursar ved eit humanistisk fakultet.

Vi vil gå i dialog med fagmiljøa for å få innspel på eventuelle behov for justeringar av premissane som leggst til grunn for vurderingane i bemanningsplanen. Vi meiner planen har særleg styrke i kraft av å vere eit «levande» dokument. Det gir fagmiljøa høve til å jobbe over tid for å skape resultat og argument for faste stillingar. Fakultetet og fagmiljøa har over tid samarbeida tett og systematisk for å redusere bruken av midlertidige stillingar. Vi vil følgje opp dette arbeidet og sjå på behovet for ytterlegare tiltak.

HF-fakultetet som fellesskap

Tillitsbasert leiing

Vi har tillitsbasert leiing som vårt leiarskapsideal. Det inneber at vi ønskjer å leie gjennom å utvise stor grad av tillit til institutta, sentra og til fakultetsadministrasjonen. Vi har tru på at avgjerder om operativ verksemd bør fattast på lågast mogleg nivå, og at det er fagmiljøa sjølve som er best kvalifiserte til å peike ut faglege retningar. Som dekanat håper vi å skape tillit gjennom transparente prosessar som er forankra i fagmiljøa, og gjennom ein leiarstil som søker å kombinere å lytte med å leie.

Fellesskap

Skal HF bli eit enno betre fakultet, må vi bli gode saman – som fellesskap. Vi vil arbeide for et tett samarbeid mellom administrativ og fagleg stab. Det inneber sjenerøsitet og smidig samhandling. Vi vil òg styrke samspelet mellom tilsette og studentar. Vi skal sørge for medverknad både gjennom representasjon i fakultetsorgan og gjennom aktiv deltaking i undervisninga.

Vi vil jobbe for auka likestilling og mangfald i både vitskapeleg og administrativ stab. Vi håper å kunne dra vekslar på fakultetet sin eigen faglege spisskompetanse på nettopp desse tematikkane for å utvikle ein enda tydelegare politikk og praksis.

Vi erkjenner at arbeidskvardagen for oss alle har blitt prega av auka byråkratisering. Vi vil jobbe for mindre byråkrati der det er mogleg, og vil også jobbe inn mot UiB sentralt for eit grunnprinsipp om at nye system må gjere arbeidsoppgåvene våre enklare – ikkje vanskelegare.

Vi vil studere resultatata frå ulike undersøkingar som er gjennomførte blant både studentar og tilsette denne våren nøye - inkludert SHOT og ARK. Vi ser fram til eit tett og godt samarbeid med vernetenesta og studentorganisasjonane for å identifisere behovet for ulike tiltak. Trivsel på arbeids- og studiestaden vil stå svært høgt på vår prioriteringsliste.

Eit tilbakevendande problem i denne samanhengen er manglande formelle og uformelle kontaktflater. Vi vil ta kontakt med fagmiljøa og studentorganisasjonane for å be om innspel til korleis vi best kan jobbe fram konkrete tiltak som kjem desse ønska og behova i møte.

Nytt HF-bygg

Eit nytt HF-bygg kan løyse nokre, men ikkje alle utfordringar knytt til felles møtepunkt. For fakultetet vil det vere viktig at eit nytt bygg blir oppført før det vert gjennomført sal av dei eksisterande kontorlokala. Vi ønskjer eit bygg med einekontor for alle som ønskjer det, og fleire kollektive arenaer i form av møterom, gode læringsareal og eit godt kantinetilbod. Eit nytt bygg vil òg vere eit nødvendig tiltak for at vi skal kunne nå UiBs felles ambisjon om å bli ein berekraftig organisasjon.